

Julehefta har vore ein del av norsk **juletradisjon** i snart hundre år. Og stadig kjem nye hefte til – til glede for unge og gamle lesarar.

Inga jul utan julehefta

Egmont Serieforlaget står i år åleine for ikkje mindre enn tretti julehefte. I vekene før jul kjøper nordmenn nærare 1,4 millionar julehefte.

Sjølv om nye hefte kjem til, er dei gode, gamle verken gøymt eller gløymt, frå «Vangsgutane», «Smørbukk» og «Tuss & Troll» til «Knoll og Tott», «Blondie», «Hårek» og «Snøfte Smith».

Men framhaldet av nyversjonen av sciencefictionføljetongen «Ingeniør Knut Berg» – skriven av Jon Bing og Tor Åge Bringværd og teikna av Knut Westad – får vi ikkje i år. I staden gir Fonna Forlag ut framhaldet av juleheftet frå 2006, som første gongen stod på trykk i 1958. Heftet er dessutan supplert med ein Ola Nordgard-serie som gjekk i Norsk Vekeblad i krigsåra.

Forlaget lover likevel å komme tilbake til den nye ingeniør Knut Berg seinare.


Norsk Barneblad held fram tradisjonen med «Smørbukk» og «Tuss & Troll», begge med både nye teikna og gamle historier.

Mange nye

Elles finst det mange ny julehefte i bladhyllene, slik som «Elias» og «Knerten». I år har òg eit heilnorsk Donald-julehefte dukka opp blant julehefta, signert Arild Midthun, Knut Nærum og Tor-mod Løkling.

Men det er klassikarane som har føringa, fortel redaktøren i Egmont, Svein Erik Søland.

– «Knoll og Tott» held koken – i sitt 99. år. Dette er dermed både det eldste og det mestseljande juleheftet vi har. Men òg tradisjonsrike «Nr. 91



Vangsgutar: – I dag har eg mest sympati for Larris, skriv Jon Eikemo om forholdet



JULESTEMNING

Til liks med dadlar og nøtter så har altså julehefta vorte noko vi føler vi må ha i hus for å få julestemning.

Stomperud» sel godt, fortel Søland til NTB. Han har i ein mannsalder følgd trendane på juleheftefronten og har merkt seg at salet av julehefte held seg stabilt frå år til år.

Blant nykommarane ser han at «Pondus», «Nemi» og «Flåklypa» har klart å markere seg. Særleg «Pondus» kjempar med «Knoll og Tott» om statusen som bestseljar.

– Kvifor er nordmenn så glade i julehefte?

– Det handlar om tradisjon. Til liks med dadlar og nøtter så har altså julehefta vorte noko vi føler vi må ha i hus for å få julestemning, meiner Søland.

Trufaste lesarar

Dermed har mange av julehefta sine faste kjøparar, slik som Fiinbeck & Fia, Blondie og



sitt til Vangsgutane i juleheftet for i år.

FOTO: FONNA FORLAG

Skipper'n og norske seriar som «Nr. 91 Stomperud», «Smørbukk», «Tuss & Troll» – og «Gråtass».

– Ein grunn til at julehefta sel så bra, er at det finst noko for alle, uansett smak og alder, seier Søland vidare. Han strekar under at det finst mykje for barna her, som «Gubben og Katten» og «Tom & Jerrys Julealbum» – og dessutan ei heil rad Disney-titlar:

Til ungdommen

«Donald Duck & Co julehefte», «Donald Ducks julehistorier» i stive permar, «Donald Duck God, gammal årgang», «Mikke Mus og Langbein», «Walt Disneys julehefte» og til slutt «Carl Barks jul» – med eit utval historier frå den kjende Donald-teiknaren.

Heller ikkje ungdommen er gløymt, med seriar som «Kollektivet» og «Nemi».

– Det som er morosamt, er at mange som til vanleg ikkje kjøper teikneseriar, kjøper seg eit breitt utval til jul, seier redaktøren.

Søland fortel vidare at det varierer frå heim til heim kva tid julehefta blir henta fram.

– Somme deler dei ut på vesle julaftan, slik at ein kan varme opp til den store dagen. Andre gir barna hefta på sjølve julekvelden, gjerne litt tidleg på dagen, slik at ungane skal ha noko å underhalde seg med fram til pakkeseremonien. Andre sparer hefta til første juledagen, slik at ungane skal ha litt å kose seg med denne dagen òg. Atter andre pakkar inn hefta og legg dei under treet.

©NPK



JULAFTAN

Ungane skal ha noko å underhalde seg med fram til pakkeseremonien.



Knut Berg: Juleheftet om den legendariske ingeniøren Knut Berg startar i år med den utruleg vanskelege landinga på den fjerne planeten Linda.

FOTO: FONNA FORLAG